

# Kvifor har Bitcoin verdi?

Mange har høyrte om Bitcoin, desse merkelege Internett-pengane som på få år har auka frå mindre enn eitt øre til i dag rundt 30.000 kroner for ein bitcoin. Korleis er det mogleg når det ikkje er noko handfast bak, berre programvare med eitt-tal og nullar?

Spørsmålet om korleis digital valuta kan ha verdi, fører oss fort til dagens offisielle pengar – norske kroner, euro eller amerikanske dollar. Korleis kan dei ha verdi? Desse pengane er jo heller ikkje knytte til noko konkret; ein 200-kronerssetel er berre papir, og om du går til Noregs Bank, kan du berre få att ein ny 200-kronerssetel.

## GULLSTANDARDEN


Det var lettare å forstå verdien av pengar den gongen pengane våre var knytte til gull. Då kunne du gå til banken med ein pengesetel og få ut ei tilsvarande mengde gull. Gullstandarden vart avskaffa i 1971, då USA sin president Richard Nixon i ein vidgjeten tale kunngjorde at det var slutt på koplinga mellom dollaren og gull. Mange frykta at pengesystemet då ville bryta saman, sidan pengane ikkje lenger var knytte til noko konkret. Men det gjekk bra; overgangen skjedde utan drama-tikk.

## PENGAR BASERTE PÅ TILLIT

Men kva er det då som gir vanlege pengar verdi? Jau, ein tillit til at staten held orden i dei økonomiske sakene og ikkje rotar det til for oss. Det kan verka sjølvstøtt for oss, men det er nok å spørja ein innbyggjar i land som Venezuela, Argentina eller India (lista er lang) for å sjå at det ikkje er slik overalt.

Så lenge styresmaktene held styr på økonomien, kan innbyggjarane ha tillit til at pengane held seg nokolunde i verdi. «Nokolunde» betyr her at dei fleste land styrer etter eit inflasjonsmål på rundt 2–2,5 prosent. Med andre ord vil 100-lappen du hadde ved nyttår berre vera verd 97,50 når året er omme.

Det motsette av inflasjon er deflasjon. Då blir pengane meir verde etter som tida går. Om økonomar er redde for høg inflasjon, er dei endå meir redde for deflasjon. Deflasjon fører til at folk flest vegrar seg for å bruka pengar. Buksa som kostar 1.000 kroner i dag, vil i realiteten kosta mindre neste dag, og endå mindre ei veke seinare fordi pengane aukar i verdi. Dei som har lån



Graf som viser prisutviklinga frå starten til i dag

(Lisens: CC BY-SA 3.0 Bitcoincharts)

får ekstra tøffe tider fordi lånet blir større og større i realverdi. Dette skjedde mellom anna på 1930-talet, etter det store krakket.

Tilliten til pengar er difor avhengig av at styresmaktene held orden på økonomien.

## PENGAR KAN VERA SÅ MANGT

Gjennom historia har mykje rart fungert som pengar. Fjor av sjeldne fuglar, perler, skjel og mykje anna har vorte nytta som bytemiddel i handel med varer. Økonomar er ueinige om korleis pengar først oppstod, men dei eldste myntane kan sporast tilbake til 5–600 år før Kristus.

I dei fleste lærebøkene i økonomi kan me lesa at pengar oppstod fordi byte av varer etter kvart vart tungvint. Den som hadde korn å selja og ville kjøpa kjøt, måtte finna nokon som hadde kjøt å selja og som ynskte å kjøpa korn. Pengane kom til nytte som eit middel for å gjennomføra handel.

Det er likevel mykje som tyder på at denne teorien ikkje stemmer. Folk har handla i tusenvis av år, også utan pengar. I den sumeriske kulturen førte dei rekneskap på leirtavler og skreiv opp kven som skulda kva. Handelen var med andre ord basert på gjeld, og det som på fagspråket heiter IOU («I owe you»).

## KRAVA PENGAR MÅ OPPFYLLA

Det er enkelte sentrale krav til varer om dei skal fungera som pengar. Dei må vera avgrensa i tal, haldbare, transportable og

vanskelege å forfalska. I tillegg bør dei også kunna delast opp i mindre einingar og kunna bytast fritt mellom personar. Det siste betyr at dei må vera einsarta og i praksis ikkje kunna sporast.


I 1749 sende Hew Craufurd ein 20-pundssetel i posten til ein mot-takar. Setelen kom ikkje fram; truleg vart han stolen på vegen. Som den pertentlege mannen han var, hadde Craufurd notert serienummeret på setelen, og sette inn ein annonse i avisa. Setelen dukka etter kvart opp i Bank of Scotland. Craufurd gjorde krav på setelen og det vart til slutt ei rettsak. Dommaren kom fram til at Craufurd ikkje kunne gjera krav på setelen, sjølv om han bevisleg var identisk med setelen som hadde kome på avvege. Hadde Craufurd vunne fram med

kravet, ville dagens pengesystem vore annleis. Du kan med andre ord ikkje gjera krav på ein setel med eit spesielt serienummer.

## KVA MED BITCOIN?

Bitcoin fyller alle krava over, og kan slik sett fungera som pengar. For å forstå verdien av den nokså nye, digitale valutaen, må me likevel sjå forbi sjølve pengane bitcoin og mot det underliggjande systemet. Bitcoin er også eit eige betalingssystem i tillegg til å vera

pengar. Det er eit system som lèt deg overføra pengar utan å gå via ein tredjepart, som vanlegvis er ein bank. Eg kan like lett overføra bitcoin til ein bonde i Nepal som til kollegaen min på nabokonto-ret. Det einaste kravet er at ein



Bitcoin-logo (Lisens: CC BY-NC-ND 2.0 Dennes S. Hurd)

må ha ein mobiltelefon. Du kan sjå på det som eit Vipps som fungerer over heile verda, uavhengig av om mottakaren har bankkonto eller ikkje.

Men som Craufurd sin setel, har Bitcoin også eit slags serienummer. Alle dei digitale myntane kan sporast tilbake til augneblinken då dei oppstod. Det kan difor diskuteras om valutaen oppfyller kravet om å vera ombyttbar.

## PRIS ER LIK FORVENTNINGAR OM FRAMTIDA

Pengar kan som kjent både stiga og falla i verdi, og for Bitcoin peikar pilene førebels oppover. Det handlar om at teknologien bak pengane, den såkalla blokkjeda, har vist seg å kunna brukast til langt meir enn pengeoverføringer. Det har skapt forventningar og fått pengedelen av Bitcoin til å auka kraftig i verdi. Å setja ein verdi på Bitcoin blir difor nesten som å prøva å setja ein verdi på sjølve Internett. Alle skjønner kor viktig nettet er, men fordi det er ope og fritt, er det ikkje sett nokon verdi på det. Bitcoin er «Internettet av pengar», og med pengane bakte inn i systemet, får det òg ein konkret verdi. Om verdien av Bitcoin vil halda fram med å auka, veit ingen svaret på. Akkurat det har Bitcoin til felles med gammaldage pengar.



Svein Ølnes

Forskar innan teknologi og samfunn ved Vestlandforskning

KRONIKK

Under Forskningsdagane 2017, som har temaet «Verdiar», trykkjer Sogn Avis og Firda ein serie kronikkar skrivne av forskarar ved Høgskulen på Vestlandet og Vestlandforskning.

Forskningsdagane